



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 12.12.2013

Vår ref.: 2013/8709

Arkivnr.: 461.3

Time kommune  
Postboks 38  
4349 Bryne

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

**Tullin Ree & Sønner AS - Søknad om løyve til mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt på Søre Kalberg, Time kommune. Fylkesmannen ber om uttale frå kommunen, og ber kommunen leggje søknaden ut til offentlig gjennomsyn.**

---

**Tullin Ree & Sønner AS har søkt om løyve etter forureiningslova § 11 for mottak, mellomlagring og gjenvinning av rivingsbetong inkludert tegl, samt asfaltflak. Fylkesmannen ønskjer i samband med sakshandsaminga også å erstatte gjeldande utsleppsløyve for sjølve pukkverksdrift med sjølvbærande krav til pukkverk fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 30.**

**Fylkesmannen ber om opplysingar om særskilde lokale forhold, naboar m.v. som det bør takast omsyn til ved handsaming av søknaden. Vi ber om at kommunen sin uttale vert sendt oss innan 8 veker. Vi ber om at eit eksemplar av saksdokumenta og kunngjeringa vert lagde ut til offentlig ettersyn i kommunen.**

---

Bakgrunn

Med heimel i forureiningslova §§ 11 og 16 har Tullin Ree & Sønner AS søkt Fylkesmannen i Rogaland om utsleppsløyve for mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt ved verksemda sitt knuseverk på Søre Kalberg i Time. Verksemda har også søkt om mottak av inntil 1000 tonn betongslam. Søknaden er datert 22.8.2013. Ettersendt søknadsskjema med vedlegg er datert 1.11.2013.

Eldre betongmasser og teglstein frå bygningar og andre konstruksjonar kan innehalde miljøgifter som PCB og tungmetaller. Verksemder som ønskjer å ta i mot bygningsbetong for mellomlagring og gjenvinning må derfor søkje om utsleppsløyve frå Fylkesmannen etter forureiningslova § 11.

Tullin Ree & Sønner AS har utsleppsløyve for drift av pukkverket datert 14.9.1999, jf. vedlegg 3. Gjenvinning av rivingsbetong og anna betongavfall inngår ikkje i utsleppsløyvet. Verksemda har i fleire år tatt i mot både nyprodusert betongavfall og rivingsbetong som del av den ordinære pukkverksdrifta.

I Miljøverndepartementets embetsoppdrag til Fylkesmannen for 2013 heiter det at:

*Fylkesmannen skal videreføre arbeidet med å sikre at alle pukkverk som knuser kassert betong og tegl fra bygging og riving, får en tillatelse etter forurensningsloven til dette på grunn av den ekstra forurensningsfaren disse fraksjonene representerer med hensyn til miljøgifter med videre, selv om tillatelsen til pukkverksdrift trekkes tilbake, jf. forurensningsforskriften kap.30.*

På denne bakgrunn sendte Fylkesmannen 4.3.2013 ut eit informasjonsbrev til pukkverksbransjen der vi gjorde merksam på at verksemd som ønskjer å ta i mot, mellomlagre og gjenvinne rivingsbetong må søkje om særskilt løyve etter forureiningslova § 11, jf. vedlegg 4.

Tullin Ree & Sønner AS har på grunnlag av dette søkt Fylkesmannen om løyve til mottak, mellomlagring og gjenvinning av betongavfall inkludert tegl, jf. vedlegg 1 og 2. Søknaden omfattar også gjenvinning av asfalt. Søknaden vart sendt 22.8.2013. Fylkesmannen ba i brev av 11.9.2013 verksemda om å ettersende av utfyllande dokumentasjon inkludert eit utfylt søknadsskjema. Den ettersendte dokumentasjon er datert 1.11.2013.

I samsvar med kapittel 36 forureiningsforskrifta følgjer ei kort omtale av utsleppssøknaden:

|                |  |
|----------------|--|
| Type verksemd: | Mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt.                            |
| Lokalisering:  | Gnr. 29, bnr. 2 og 7, Åslandsvegen 70, 4355 Kvernaland.                                    |
| Produksjon:    | Gjenvinning av totalt inntil 10 000 tonn betong (inkl. tegl) og 10 000 tonn asfalt per år. |
| Forureining:   | Utslepp av støy og mineralisk støv.  |
| Reinsetiltak:  | Sedimenteringsbasseng, støyvollar og vatning mot støvflukt                                 |
| Resipient:     | Kalbergbekken/Frøylandsvassdraget.   |

### **Fylkesmannen sine merknader**

#### Mottak av betong og tegl

Tullin Ree & Sønner AS har vedlagt prosedyre og skjema for mottakskontroll for å sikre at verksemda ikkje tek i mot rivingsbetong som inneheld miljøgifter som PCB og tungmetall.

På førespurnad frå verksemda har Fylkesmannen i brev av 2.12.2012 stadfesta at knusing av nyproduert betong levert direkte frå betongprodusenten kan knusast som ein del av den ordinære pukkverksdrifta utan særskilt løyve.

Vi har i same brev presisert at Tullin Ree & Sønner AS ikkje har løyve til å transportere og nytte den knuste betongen i verksemda sitt massedeponi. Knust betong skal nyttast til gjenvinning og ikkje deponeras som avfall.

Fylkesmannen vil før eit eventuelt utsleppsløyve vert gitt gjennomføre ei synfaring ved anlegget. Vi vil for å sikre at verksemdar som får løyve til betonggjenvinning etterlever vilkåra i løyvet gjennomføre inspeksjonar ved kvart anlegg. Ein slik inspeksjon vil normalt skje innan eit år etter at eit løyve trer i kraft.

#### Mottak av asfaltflak

Tullin Ree & Sønner AS søkte 11.6.2012 om å få ta imot eit parti returasfalt på 3400 m<sup>3</sup> frå ein einskild kunde for knusing og gjenvinning. Fylkesmannen har i brev av 3.8.2012 stadfesta at mottak, mellomlagring og gjenvinning av asfaltflak ikkje krev særskilt løyve etter § 11, men skreiv i vår tilbakemelding følgjande:

«Dersom Tullin Ree & Sønner AS på mer varig basis ønsker å etablere et mellomlager for gjenvinning av asfalt, forutsetter vi at virksomheten deltar i *Kontrollordningen for asfaltgjenvinning* og holde de registrerte opplysningene for sine mellomlagre oppdatert. Vi kan ikke se at virksomheten pr dags dato er oppført i KFAs oversikt over mellomlagre for asfalt i Rogaland»

Det framgår av søknaden at verksemda no ønskjer å gjenvinne inntil 10000 tonn returafalt årleg. Nyare returafalt inneheld normalt ikkje miljøgifter, mens asfalt lagt før ca. 1970 kan innehalde tjærestoff (PAH). Vi vil i tillegg til dei vedlagde rutinar for mottakskontroll av returafalt i eit eventuelt løyve også stille krav om at verksemda melder inn sitt mellomlager av asfalt i *Kontrollordningen for asfaltgjenvinning* (KFA).

### Samordning av løyve

Fylkesmannen skal i medhald av embetsoppdraget for 2013 «*fortsette gjennomgangen og eventuelt opphevelsen av tillatelser som kan dekkjes av forurensningsforskriften kapittel 24 og 26 – 30 og prioritere de bransjene som skal ha tilsyn i 2013*».

Fylkesmannen gjennomførte 20.10.2011 ein inspeksjon ved Tullin Ree & Sønner AS, jf. vår kontrollrapport 2011/9985. I kontrollrapporten vurderte Fylkesmannen kor vidt det førelåg særlege forhold etter forureiningsforskrifta § 30-2 som gjorde det naudsynt med utsleppsløyve etter forureiningslova § 11 for sjølve pukkverket. Vi fann at dette ikkje var tilfelle, men fatta då ikkje formelt vedtak om å trekke løyvet tilbake og erstatte dette med sjølvberande vilkår fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 30.

Ein situasjon der Tullin Ree & Sønner AS skal etterleve to overlappande løyve etter forureiningslova § 11 vil vere lite oversiktleg både for verksemda og Fylkesmannen. Vi vurderer difor, i samband med handsaming av søknaden om betonggjenvinning, å trekkje tilbake gjeldande løyve av 14.9.1999 for pukkverksdrifta og erstatte løyvet med sjølvberande vilkår i forureiningsforskrifta kap.30, jf. vedlegg 6. Det vil i praksis ikkje vera mogleg å skilje mellom utslepp til ytre miljø frå gjenvinningsdelen og den ordinære pukkverksdelen ved verksemda. Med omsyn til vilkår for utslepp av støy og støv samt suspendert stoff i vatn vil difor eit eventuelt løyve vise til grenseverdiane i forureiningsforskrifta kapittel 30.

### **Offentleg kunngjering**

Fylkesmannen vil i medhald av forureiningsforskrifta § 36-6 sørge for at søknaden vert kunngjort i Jærbladet og Stavanger Aftenblad. Utgiftene i samband med kunngjeringa vert dekt av søkjar. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt, jf. vedlegg 6.

### **Utlekking til offentlig ettersyn**

Vi ber om at søknaden vert lagd ut til offentlig ettersyn på servicetorget i Time kommune. Søknaden vil også verte lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under "Snarvegar" og "Høyringar".

### **Uttale – kommunal sluttbehandling**

Frist for kommunale merknader er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Dersom kommunen har behov for utvida frist, ber vi om tilbakemelding på når saka vil verte teken opp til behandling.

Kommunen sin uttale bør gi opplysningar om eventuelle lokale forhold som er mangelfullt eller ikkje tilstrekkeleg gjord greie for i søknaden, og om lokale/regionale forhold som kan verke inn på avgjerda om utsleppsløyve, inkludert vurderingar i forhold til naturmangfaldlova og vassforskrifta. Vi ber også kommunen vurdere om tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan nr.162 for området.

Vi ber samstundes Time kommune om å vurdere kor vidt det føreligg særlege forhold som er til hinder for at gjeldande utslippsløyve for pukkverksdrifta kan verte erstatta av sjølvberande vilkår i forureiningsforskrifta kapittel 30.

Utskrift frå den kommunale sluttbehandlinga skal sendast Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Johan Tore Rødland  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

—  
Saksbehandlar: Johan Tore Rødland  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 38  
E-post: fmrojtr@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Tullin Ree & Sønner AS – Søknad om løyve til betonggjenvinning
2. Tullin Ree & Sønner AS – Kartutsnitt og plankart Søra Kalberg
3. Tullin Ree & Sønner AS – Utsleppsløyve masseuttak
4. Informasjonsbrev til pukkverksbransjen
5. Forurensningsforskriften kapittel 30 – Forurensninger frå produksjon av grus, pukk, sand og singel
6. Tullin Ree & Sønner AS - Kunngjeringstekst

Kopi utan vedlegg til:

Tullin Ree & Sønner AS Postboks 13 4356 KVERNALAND